



Nynorsk kultursentrum

Kulturdepartementet
Kunnskapsdepartementet

Vår ref.: 412-104 OG

Hovdebygda, 16. juni 2014

Vidare drift av Norsk Ordbok etter 1. mars 2015

Nynorsk kultursentrum bed regjeringa prioritere vidareføring av prosjektet Norsk Ordbok 2014 i statsbudsjettet frå og med 2015. I dette brevet tek vi til orde for eit drøftingsmøte om saka snarast råd.

Med 23 stiftarar – blant dei sju universitet, høgskular og forskingsinstitusjonar – og det arbeidet vi har utført gjennom 20 år, ligg det mykje reell kunnskap om kor viktig Norsk Ordbok framleis vil vere bak dette brevet.

I søknaden til Kulturdepartementet om driftsmidlar 1. mars 2014 varsla vi at det kunne bli aktuelt å ta eit initiativ i denne saka. I første omgang gjer vi det med dette brevet.

Det er svært gledeleg at Kulturdepartementet i samråd med Kunnskapsdepartementet har teke opp saka med Universitetet i Oslo, jf. brev frå Kulturdepartementet 15. mai 2014. Gir denne dialogen negativt resultat, kan det bli aktuelt å fremje ein formell søknad om midlar som i så fall skal disponerast saman med relevante vitenskapsmiljø, og i nær forståing med Det Norske Samlaget.

Prosjektorganisasjonen Norsk Ordbok 2014 er ikkje i posisjon til å søkje om midlar for tida etter februar 2015. Både prosjektleiing og andre tilsette i Norsk Ordbok 2014 har fått varsel om at arbeidsforholdet blir avslutta på eit gitt tidspunkt. Blir det ståande ved lag, vil det seie at eit fagmiljø som har vore heilt i fremste rekkje i europeisk ordbokproduksjon – dermed også globalt – det siste tiåret blir løyst opp.

Både for brukarane og fagmiljøet er det viktig at ein frå 2014 planlegg eit prosjekt for revisjon og digital integrering av band 1–5 som dekkjer 125 000 ord *a–h*. Då blir heile verket tilgjengeleg på nett, og den elektroniske ordbasen kan brukast til andre språkteknologiske og språkvitenskaplege føremål. Vi minner om at slike ordbokverk blir aldri ferdige. Språket utviklar seg heile tida, og som eit av dei 100 mest robuste språka i verda bør nynorsk ha sitt oppdaterte ordbokverk. Denne problemstillinga er ikkje unik for Noreg. På styreseminar i Helsingfors 12. juni 2014 opplyste Institutet för de inhemska språken at dei fire første banda av ei stor finlandssvensk dialektordbok har vore prenta analogt, og at dette materialet ligg føre i fulldigital form i 2015.

Nynorsk Forum har i brev til Kulturdepartementet i 2011, 2012 og 2013 streka under at eit slikt ordbokverk aldri blir ferdig. Dette peika Nynorsk Forum også på i budsjett høyring i familie- og kulturkomiteen i Stortinget dei to nemnde åra. Nynorsk Forum har også bedt Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet samarbeide om å sikre permanent drift av ordboka og dei samlingsressursane som ligg til grunn for verket, og eit eige



forskningsprosjekt for revisjon og digital fullintegrering av band 1–5 etter at band 12 er levert til trykking.

I brev 5. juli 2011 skreiv Nynorsk Forum til Kulturdepartementet:

Det er nødvendig alt no å planleggje eit post 2014-prosjekt for revisjon og fullintegrering av første delen av verket, til midt i band 5, av di oppslagsorda a–h er redigerte analogt.

Den 27. juli 2012 forsterka Nynorsk Forum synspunktet:

Nynorsk Forum synest det er svært uheldig at styresmaktene i 11. og 12. time bryt med ti år gamle og avtalefesta føresetnader for eit prosjekt som er blitt ein europeisk pioner i moderne ordbokutvikling. ... Det Svenska Akademien greier å få til for revisjon og vedlikehald av sitt store ordbokprosjekt frå og med 2018, bør også den norske staten makte.

Nynorsk Forum tok opp att dette i brev 25. juli 2013. Språkrådet framheva det same i notatet sitt om norsk ordbokspolitikk 3. mars 2014.

Nynorsk kultursentrum gjer framlegg om at Kulturdepartementet saman med Kunnskapsdepartementet kallar inn sentrale partar, fagmiljø og nynorskmiljø til eit møte om moglege løysingar snarast råd og innan 8. august 2014. I eit slikt eventuelt møte ønskjer Nynorsk kultursentrum å vere med.

Med venleg helsing

Nynorsk kultursentrum



Lodve Solholm
styreleiar



Mona H. Hellesnes
rådsordførar